


# «Innsyn i kvensk historie, språk og kultur»

Av Reidun Mellem



Dette heiter ei ny bok som Norske Kveners Forbund/Ruijan Kveeniliitto ga ut i vår. Året før, våren 2002, arrangerte NKF/RK i samarbeid med Finsk Institutt eit todagars seminar på universitetet i Tromsø - med kvensk historie og

statlig politikk overfor kvenane som hovudtema. I denne boka fins alle førelesingane som blei holdt der - 15 i alt - så dette er altså seminarrapporten fra arrangementet.

Boka er på i alt 203 sider og har fått

med heile 30 svart/kvitbilete - i tillegg til diagram og kart. Framsida viser eit staselig fargebilete fra kvenbyen Vadsø - av fotograf Arvid Sveen, Tromsø - og på baksida finn vi fargebilete av kvendrakten. Fotograf her er Lena Sørensen, Finnsnes. Redaktør er Reidun Mellem.

For NKF/RK er dette eit betydelig bidrag når det gjeld kunnskap om kvensk historie. Ein viktig del av handlingsprogrammet til organisasjonen er å skaffe fram pålitelig informasjon om den kvenske minoriteten i fortid og notid. Spesielt viktig er det å få fram dokumentasjon basert på ny forskning på universitet og høyskolar, først som førelesingar på seminar og deretter i skriftlig utgave som seminarrapport. Dermed kan dette stoffutvalet fra profilerte faghistorikarar bli gjort tilgjengelig for alle interesserte.

Mellom førelesarane her kan eg nemne kjente namn som Einar Niemi, Knut Einar Eriksen, Anna Riitta Lindgren, Kaisa M. Lindbach - og vår eigen Helge Guttormsen. Fra Sverige kom Lars Elenius fra

Luleå tekniske universitet og Leena Huss fra Centrum for multietnisk forskning ved Universitetet i Uppsala. Vi sette også pris på at statssekretær Anders J. H. Eira fra Kommunal- og regionaldepartementet hadde funne tid til å vere saman med oss i allefall den eine av kursdagane.

Målet vårt var å sette fokus på tema som galdt kvenane sine kår gjennom tidene - i historie, språk og kultur. Først blei vi tatt med på eit spennande møte med arkeologien som historieforteljar - i ei førellesing om utgravingar på Finnmarks-kysten, sentrert om dei spesielle mange-romstuftene. Vidare fikk vi følgje styresmaktene sin politikk overfor kvenane fra 1700-tallet og til i dag. Her var statssekretæren ein av førellesarane. Vidare blei det gjort greie for fornorskingspresset slik det viste seg i mellomkrigstida, der også kjerka var ein ganske aktiv

aktør. Vi fikk høre om forsøk på kulturell mobilisering blant kvenane i Vadsø-området 1877 - 1908 og fikk innsyn i tidlig kvensk utvandring til Amerika. Kvensk språk på Nordkalotten, språkrevitalisering på svensk side av Tornedalen og vurdering av resultatata så langt av Europarådets konvensjon for minoritetsspråk var viktige emne i språkdelen.

Så fikk vi også høre om korleis det var å vekse opp i finsk og kvensk miljø I Tornedalen og i Nord-Troms i 1920-30åra - korleis røtter, språk og kultur den gongen blei vurdert av myndighetene sentralt og lokalt. Ei førellesing om typiske trekk i kvenlitteraturen var viktig å få med, samt ei orientering om fra Finnskogen om skogfinnane sine kår som nasjonal minoritet. Inga solskinnshistorie, akkurat.

Seminaret hadde begge dagane stor

tilslutning av interesserte tilhørarar - med mange spørsmål og spennande ordskifte i den avsette taletida mellom førellesingane. Det er derfor svært tilfredsstillande for organisasjonen vår no å kunne få presentere desse innhaldsrike førellesingane for ei enno større forsamling: eit lesande publikum. Eit stort seminar med etterfølgjande seminarrapport er ei veldig satsing for oss, ikkje minst økonomisk. Mye tid går med til først å skrive søknader til den eine og den andre instansen. Denne gongen var vi heldige og fikk mange positive tilbakemeldingar, både om pengestøtte og deretter om deltaking med førellesing. Vi er glade over at vi har greidd å få dette til - og at vi no kan presentere seminarrapporten for alle interesserte. Boka er å få kjøpt i bokhandelen i Tromsø og kan også bestille fra NKF/RK, telefon 976 66 181, e-post: post@kvener.no

---

**Fra boka presenterer vi på de påfølgende sidene en forkortet utgave av foredraget som Henrik Lantto holdt om sin oppvekst i Tornedalen.**